Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 36

Herad: Modalen

Emne: Heiling, folk og åtferd

Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Johs. A. Lavik

Gard: Lavik

(adresse): Eksingedalen

G.nr. 90 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eldre folk, alle avlidne.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

4 Det hende, at folk drog reidskap or vegen for granna som stelte seg annorleis enn andre. Slike som vilde "liva" seg, lata andre taka det tyngste og meste ved lagsarbeid - gardgjerding og andre ting. Kunde verta ute for mange prettor. Det same hende og når nokon vilde hjelpa seg med andre sin reidskap. Talein hende det ein-gong, at ein mann ikkje kunde finna att båten sin ein morgon, straks fyre slåtten. Han hadde serskilt "båtastå". Det vart leiting og fretting, ingen visste noko. Tri-fire dagar etter vart båten funnen, alheimo [?] smidd på - uppe i bakken. Det hende og at folk lurde seg stad, og repente reimorne i kerkeselen åt ein mann, so på kryss og tvers, at det var uråd leggja selen på hesten. Det var nok andre prettor og.

1 Ein som var lat i slåtten slog dei på nes. So ropa dei: "Ola på Nese." Berre det var vanvirk. Enno verre var det, um dei slog han på holm, og ropa: "Ola på holmo." Det same vart og gjort når dei skar kornet. Og so fekk mannen ord på seg, at han var ein "Koff" til å arbeida, vart kalla for "Koffen."

2. Ukjent.

3. Ukjent.

Her skal eg fortelja um ein måte å refsa folk på, eg fortel um siste gongen eg veit denne måten var brukt. Det var fyre mi tid, eg fortel det etter ein mann som var fødd 1850, d. 1925. Her er soga:

Ein bonde - Nils - søkte seg tenestdreng ein vår, og spurde ein ungdom, Knut, um han ville vera dreng hjå han. Nils kom i heimen til Knut, og fala på dreng. Knut hadde alltid vore veikhelsa, og våga ikkje taka drengjaplass. Knut var av velvyrde folk, Nils rekna seg og for velvyrd mann, byggdi heldt ikkje Nils for velvyrd, han moralske framferd var ikkje god. Nils vart sint for ikkje han fekk dreng, men kunde ikkje busa ut.

Nokre år etter kjøpte Knut seg gard, gifte seg med ei sterk, drivande gjenta, og det såg bra ut. Enno gjekk det år, so kom Knut til Nils, og spurde um å få kjøpa furematrial. På garden til Nils var mykje fura, og Nils selde jamleg, Knut hadde ikkje fura. Nils maka det so, at det var fleire tilstades då han svara: "Du Knut, vil du ikkje fylgja meg og sjå kvar grjonet vårt ligg." Då sprakk svullen han hadde gjenge med, sidan han spurde um dreng. Knut bleikna reint, eitt tvert nei, vore ingenting mot dette. Han snudde seg og gjekk, og fekk kjøpa fura av grannen til Nils, grannen høyrde ordi åt Nils, og tatte det var u=fjelgt, alle visste at Knut var heilsveik.

Folk tala mykje um dette. Og dei hugsa det og, då datterdotter til Knut, kom som frisk og framtøk kona, på garden til Nils, og vart gift med sonesonen hans, ein jamleg, vyrdeleg mann.

Grjon = korn, mjøl, mjølmat. Nils ville syna Knut, W. C, ikkje huset, men avfallet.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

B.

4. Folk som var slumpne i arbeidet, dreiv av veg utan å tenkja seg rett um, elder fylgja bygdesed og vis, og so kom i beit, fekk utnamne, t.d. "Slumpen". I mange høve var det ikkje lenge før bygdi fann eitt ord som karakterisera, både mannen og åtferdi. Eg veit ikkje av, at folk fekk noko utnamne um dei gjekk ut jaledeg, men det var sed og skikk, at den dagen skulde folk vera stille i kvorsin heim.

5. Dei som ikkje fekk noko nytt til jol, fekk ingi jol, dei burde helst vera på fjosskukken for seg sjølve

6. Nei.

7877

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING